



Møtereferat - planforum 21.01.2014

Stad: Eid. Video mot SA Hafstad

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 09:00. Eid kommune – kommuneplanens arealdel

Til stades: Elin Leikanger, Ørjan Raknes Forthun, Alfred Bjørlo, Synnøve Kvalheim Berg, Cecilie Marie Åshamar, Asbjørn Tverberg, Gerd Fløde Bjørlo – Eid kommune, Heidi Sandvik, Oddgeir Årdal - FM Sogn og Fjordane, Knut Åland, Bjørn Ramberg, Torbjørn Hasund, FK PSA, Toralf Otnes - NVE

Hasund informerte om deltakinga og informerte om referat. Deretter namnerunden. Etter dette tok Eid «over». Velkomen frå Fløde Bjørlo og deretter Åshamar som gjekk gjennom panarbeidet og ROS-analysen. Åshamar nytta informasjonsark frå ulike område til å gå gjennom dei ulike delområda for utbygging.

Runden

Sandvik – Det er viktig å dele tema i KU meir opp i deltema for å synleggjere verknader betre. Saknar tema som t.d. naturmiljø/biologisk mangfald, landskap, friluftsliv, landbruk, barn og unge (t.d. tilgang på leikeareal), universell utforming og støy. Verknadane for kvart tema må synleggjerast ikkje-verbalt (t.d. med gradering frå stor negativ til stor positiv konsekvens), slik at det blir lett å setje seg inn i konsekvensane for kvart tema kvar for seg og for alle tema samla. I høve konsekvens eller verknader skal ein sjå verdi opp mot omfang. For kvart område må det vere ei samla vurdering som konkluderer med om det er tilrådeleg å leggje området ut, eventuelt med gitte tilpassingar, og med ei grunngjeving. Vister til KU-retteliar frå MD. Viste også til Sogndal sin KU, som godt eksempel. I forberedelsane til KU kan kommunen ut frå m.a. strategiar som er peikte ut gjennom samfunnsdelen, gjere ei forvurdering med grunngjeving for kvifor ein går / ikkje går vidare til KU. Konsevensutgreiingane skal vere etterprøvbare for fagetatane og andre.

Der det er planlagd blanda arealbruk, t.d. byggeområde for private hytter, turistretta næing, naustområde og eventuelt småbåtanlegg i same området, må dette delast opp og visast visast med ulike arealbrukskategoriar (jf. standardar for SOSI-koder og fargestandardar), og kvart areal med ulik arealbruksføremål må konsekvensutgreiast separat.

KU skal, i tillegg til vurdering av verknad for kvart nytt byggeområde, også munne ut i ei vurdering av konsekvensar for dei samla arealbruksendringane i planforslaget. KU skal vere ein del av planen, og ligge til grunn for den faktiske utarbeidinga av innhaldet i planen, og slik at det ikkje vert eit pliktlop i etterkant.

KUen er eit viktig grunnlag for politikarane sine avvegingar av m.a. kva arealbruksområde som skal vere med i planen til offentleg høyring. I planomtalen/KUen skal dei vala som er gjort synleggjerast og grunngjevast.

Mange ønskje om naust / molo, positivt at ein har gjort eit arbeid med å samle tiltak i større område. **FM ønskjer å ha kontakt med kommunen i forkant av utlegging til 1. gongs handsaming i høve problemstillingar knytt til ønskje om utbygging, særleg i strandsona.** Sandvik viste også til at FM, på bakgrunn av statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona, er noko mindre kritisk til hytter for næring enn til private fritidshus. Ulike føremålskategoriar. For kommunen er det viktig å skilje mellom desse. Gjennom nasjonale føringar for strandsoneforvaltning er det noko større aksept for bygging til turistretta næring enn til private fritidshytter ved sjøen.

Vurderingar etter naturmangfaldlova må innarbeidast i KUen. Det er viktig å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er godt nok for kvart enkelt område, og å gjere grundigare vurderingar etter m.a. nml §§ 7-12, der naturmangfald blir berørt. T.d. synleggjere kva avbøtande tiltak som er vurdert og innsrbeidd. Også i vurderinga av samla konsekvensar av arealbruken i heile planen, skal paragrafane naturmangfaldlova nyttast (jf. særleg §§ 1, 4,5 og 7-8). Det må gå tydeleg fram kva databasar og kartleggingar som er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova, slik at dette er etterprøvbart.

For at tiltaksforbodet i 100-metersbeltet skal bli oppheva må det setjast inn byggjegrænse langs sjø i bygjeområda. Dette kan gjerast i kommuneplan eller i reguleringsplan. For dei områda der dette blir gjort i kommuneplanen, må avgrensinga gjerast på grunnlag av kunnskap og konkrete vurderingar.

Otnes - i tillegg til dei skredtypane som er skildra i aktsomheitskarta, måtte flaumskred, vassmetta jordskred og sørpeskred takast inn. Elles ønskte han at det vart vurdert om det aktuelle området på Nord var ei flaumskredvifte. Viktig å nytte kunnskap om naturfare for å styre utbygging. Ved fortetting i eksisterande bustadområde, og der det den gongen det vart regulert / bygd ikkje vart vurdert naturfare, bør slik vurdering gjerast no. Oppmode om å bruke omsynssone i område som kan vere utsett for havnivåstigning. Det er mange lausmasseavsetningar i Eid. For område under marin grense kan kvikkleire vere eit problem. Det kan gjelde heile området frå sentrum og opp til Hornindalsvatnet. Fløde Bjørlo – Kommunen har eit generelt krav om geotekniske undersøkingar ved søknad om tiltak.

Åland – for Lefdal er det tenkt mangetiltak i sjø. Det er Sjøfartsmuseet i Bergen som er fagetat når det gjeld kultuminne i sjø. Eldre bygningar og verdfulle bygningsmiljø kan vere registrerte i SEFRAK-registeret utan å vere verna. Viktig å ha oversikta. Kan nytte omsynssone rundt stølsmiljø for å ta i vare stølsverdiane.

Aardal – har sett ut frå tilsendt materiale ein del konflikter i høve jordvern. I fylket er det 250 daa som vert bygt ned i året i fylket, og her er det lagt opp til tiltak som åleine byggjer ned over 100 daa. Ved vurdering om nedbygging av dyrka og dyrkbart areal er det viktig at kommunen kan dokumentere at andre løysingar er prøvd eller vurdert, altså dokumentere behovet og at kommunen ikkje ser andre løysingar

Vi reiste ut på synfaring frå klokka 13:00. Frå kommunen var Alfred Bjørlo, Cecilie Marie Åshamar og Gerd Fløde Bjørlo med. Synfaring vart gjennomført for områda;

- Næringsområde Nor
- Massetak på Hjelle
- Bustadområde på Hjelle (Åland og Ramberg reiste etter denne)
- Stokkenes, næring og hesteidrett
- Skårhaug småbåthamn og fritidsområde

- Årdalsvika, badeområde fritidsbebyggelse, utleigehytter og naust
- Lefdal, næringsområde, fritidsbebyggelse, utleigehytter og naust.

Slutt 16:00